



SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad kommunestyre	28.06.2012	039/12
Sakshandsamar: Jan Olav Gjerde	Arkivkode: K2-C51	Arkivsaknr. 11/35

## Ny, heilskapleg verdsarvpolitikk - høyringsfråsegn

**28.06.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE**

### KOMM-039/12 SAMRØTYSTES VEDTAK:

Hyllestad kommune viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsnotat «Ny, helhetlig verdensarvpolitikk», og sluttar seg i hovudsak til tilrådingane i dokumentet. Det vert særleg lagt vekt på fylgjande punkt:

1. Ved kvart verdsarvområde vert det oppretta verdsarvråd, verdsarvsenter og stilling for verdsarvkoordinator. Organiseringa av arbeidet vert tilpassa lokale forhold, og skal styrkje lokal forankring, fagleg kompetanse og sikre at arbeidet med verdsarven skjer innanfor ramma av den heilskaplege verdsarvpolitikken.
2. Arbeidet med verdsarven skal bidra til verdiskaping i lokalsamfunnet, mellom anna ved å styrkje lokale institusjonar, kultur- og næringsliv.
3. Skuleverket i verdsarvområde må involverast i arbeidet med formidling av kulturarven. Undervisningsopplegget som Hyllestad skule i samarbeid med stiftinga Norsk Kvernsteinsenter har utarbeidd med utgangspunkt i kvernsteinshistoria, bør vidareutviklast og kan brukast som ein pilot: «Unge formidlar verdsarven».
4. Staten må ha det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken. Dette gjeld òg finansieringa av tiltak som må til for at kvar verdsarvstad skal «utviklast som fyrtårn for den beste praksisen innanfor kultur- og naturforvaltning». Verdsarvråd, verdsarvsenter, stilling som verdsarvkoordinator, og tilstrekkeleg med midlar til å kunne samarbeide nasjonalt og internasjonalt, må i hovudsak vere statleg finansiert.

### **ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad kommune viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsnotat "Ny, helhetlig verdensarvpolitikk, og sluttar seg i hovudsak til tilrådingane i dokumentet. Det vert særleg lagt vekt på fylgjande punkt:

1. Ved kvart verdsarvområde vert det oppretta verdsarvråd, verdsarvsenter og stilling for verdsarvskoordinator. Organiseringa av arbeidet vert tilpassa lokale forhold, og skal styrkje lokal forankring, fagleg kompetanse og sikre at arbeidet med verdsarven skjer innanfor ramma av den heilskaplege verdsarvspolitikken.
2. Arbeidet med verdsarven skal bidra til verdiskaping i lokalsamfunnet, mellom anna ved å styrkje lokale institusjonar, kultur- og næringsliv
3. Skuleverket i verdsarvområda må involverast i arbeidet med formidling av kulturarven. Undervisningsopplegget som Hyllestad skule i samarbeid med stiftinga Norsk Kvernsteinsenter har utarbeidd med utgangspunkt i kvernsteinshistoria, bør vidareutviklast og kan brukast som ein pilot: "Unge formidlar verdsarven."
4. Staten må ha det overordna ansvaret for verdsarvpolitikken. Dette gjeld og finansieringa av tiltak som må til for at kvar verdsarvstad skal "utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innanfor kultur- og naturforvaltning." Verdsarvråd, verdsarvsenter, stilling som verdsarvskoordinator, og tilstrekkeleg med midlar til å kunne samarbeide nasjonalt og internasjonalt, må i hovudsak vere statleg finansiert.

#### **DOKUMENTLISTE:**

#### **IKKJE TRYKTE DOKUMENT:**

1. Høyringsdokumentet ligg på :

[http://www.regjeringen.no/pages/37645051/Ny\\_helhetlig\\_verdensarvpolitikk\\_120329.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/37645051/Ny_helhetlig_verdensarvpolitikk_120329.pdf)

#### **AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:**

#### **KVA SAKA GJELD:**

Høyringsuttale.

#### **SAKSUTGREIING:**

Miljøverndepartementet har sendt framlegg til ny heilskapleg verdsarvpolitikk ut på høyring. Framlegget skal saman med høyringsfråsegner danne grunnlaget for ei stortingsmelding som skal leggest fram i 2013.

#### Bakgrunn:

Kvernsteinsbrota i Hyllestad vart i 2010 nominert saman med skipshaugane i Vestfold som norsk kandidat til UNESCO si verdsarvsliste, i den transnasjonale serienominasjonen Vikingtidas monument og stader.

Hyllestad kommune er blant høyringsinstansane. Høyringsfråsegna inneheld moment som er viktige sett frå lokal ståstad, dersom kvernsteinsbrota i Hyllestad vert skrivne inn på UNESCO si verdsarvsliste i 2014.

I fråsegna vert det peika på område der ein frå lokalt hald særleg ser behovet for regional/nasjonale støtte, både når det gjeld tilføring av kompetanse, ressursar og samordning.

Det er og viktig, som det vert peika på i høyringsnotatet, at ordningar som er bygd opp lokalt og fungerer godt, ikkje vert "organisert bort" gjennom ein ny, heilskapleg verdsarvpolitikk. Slike ordningar må tvert om vert styrka og vidareutvikla, og vil dermed kunne både styrkje lokalsamfunnet og gje lokale bidrag inn i verdsarvsamarbeidet.

#### Norske verdsarvsområde

På UNESCO si verdsarvsliste står no Urnes stavkyrkje, Bryggen i Bergen, bergstaden Røros, bergkunsten i Alta, Vegaøyan, Norsk Fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden og Struves Meridianboge.

#### Ambisjon for ein ny, heilskapleg verdsarvpolitikk.

Staten har som målsetjing at "Norske verdensarvlokalteter skal utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innenfor natur- og kulturforvaltning."

Dei nasjonale ambisjonane er høge, og føreset optimale rammevilkår for arbeidet knytta til kvar verdsarvstad. Det gjeld så vel kompetanse som ressursar og organisering.

Sjølv om dei norske kandidatane som no er i ein nominasjonsprosess vert innskrivne på verdsarvslista, vil det likevel framleis vere eit fåtal norske verdsarvstader. Dei er alle svært ulike og krev ulik oppfylgjing. Løysingar bør difor skreddarsys lokalt, samstundes som dei vert sett i samanheng innanfor ein felles nasjonal, heilskapleg verdsarvpolitikk.

For å sikre dette er det viktig med eit tett og formalisert samarbeid mellom kvar verdsarvstad og regionale og statlege styresmakter. Det er vidare viktig med tett samarbeid mellom dei norske verdsarvstadane.

I det fylgjande vert det knytt kommentarar til dei ulike punkta under kap. 4 i høyringsdokumentet.

#### **VURDERING:**

##### 4.2 Organisering, aktørar og samarbeid

Det er positivt at det i høyringsnotatet vert lagt vekt på god lokal forankring av arbeidet med verdsarven. Størstedelen av den nominerte verdsarven i Hyllestad ligg på privat grunn.

Eit godt samarbeid med grunneigarane er difor ein føresetnad for ei god lokal forvaltning og bruk av verdsarven.

Det har vakse fram eit sterkt lokalt engasjementet kring kvernsteinshistoria, som m.a og omfattar ein stor dugnadsinnsats. Det lokale engasjementet er gull verdt, og desse gode kreftene må sikrast som medspelarar i arbeidet med verdsarven. "Eigarskap" og engasjement

må ikkje verte løfta ut or lokalsamfunnet.

Hyllestad kommune har saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta stiftinga Norsk Kvernsteinsenter for å drive arbeidet med kvernsteinshistoria. I nominasjonsdokumenta (forvaltningsplanen) for kvernsteinsbrota er Norsk Kvernsteinsenter tiltenkt den sentrale rolla i arbeidet med verdsarven i Hyllestad.

Ein ser det som positivt at det vert oppretta verdsarvsråd ved kvar verdsarvstad, og at dette får den mest tenlege samansetjinga ut frå verdsarvstaden si eigenart og lokale tilhøve.

Likeeins er det viktig at det vert oppretta stilling som verdsarvskoordinator ved kvar verdsarvstad. Dette bør vere ei heil stilling ved alle verdsarvsområda, som berre har verdsarven som sitt ansvarsområde.

Ein stør og framlegget om at det vert årlege samlingar mellom statlege styresmakter og representantar for verdsarvsområda.

#### 4.3 Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven

Det er utarbeidd forvaltningsplan for verdsarvsområda og buffersonen, i Hyllestad. Denne vil etter kvart verte innarbeidd i det kommunale planverket.

Det er viktig med gode planverktøy, som både imøtekjem kravet til god forvaltning av verdsarven og samstundes tek omsyn til behovet for ei god samfunnutvikling med bustadbygging, område for næringsutvikling og gode infrastrukturtiltak.

#### 4.6 Senter for verdsarven

Framlegget om at det ved kvar verdsarvstad vert etablert eit verdsarvsenter vert støtta. Det vil vere naturleg å bygge vidare på Norsk Kvernsteinsenter som allereie er etablert. Det vil i tillegg vere behov for ny bygningsmasse med rom god informasjon, formidling og relevante aktivitetar. Staten må ta eit hovudansvar for ressursar som krevst både for etablering og drift av verdsarvsentraene.

#### 4.7 Formidling

Omfang og kvalitet på formidlinga vil vere avgjerande for kva status norsk verdsarv skal ha, og i kva grad ein når opp til ambisjonane om at verdsarvstadane skal utviklast til fyrtårn.

Felles informasjonsmateriell må utarbeidast sentralt, men det er viktig at formidlinga på kvar verdsarvstad er forankra lokalt.

Den immaterielle kulturarven, som handtverket, må knyttast til den materielle kulturarven.

#### 4.8 Kunnskap og kompetanse

Forvaltningskompetanse må byggast opp systematisk gjennom samlingar.

Handtverkskompetanse må sikrast gjennom systematiske og langsiktige opplæringsprogram for handlingsboren kunnskap.

Forskinsbehov og forskingspotensialet er ulikt ved den norske verdsarven. Kvernsteinsbrota i Hyllestad vil framleis by på eit stort forskingspotensiale framover. Svært mykje av historia knytt til produksjon og handel med kvernstein er enno ukjend. For å få fram mest mogeleg kunnskap om kvernsteinsbrota og den aktiviteten som har vore knytta til dei, er det difor viktig at det vert stilt ressursar til disposisjon som gjer det interessant for forskingsinstitusjonar å gå i gang med nye forskingsprosjekt. Det vere ei prioritert oppgåva å få fram mest mogeleg kunnskap om verdsarven.

#### 4.9 Skule og utdanning

Verdsarven og verdiane knytt opp mot den må ha ein sentral plass i skulane i verdsarvsområda. Den teoretiske kunnskapen må knyttast saman med

handtverkskompetanse. Tanken om at skular i verdsarvområda må knyttast saman i nettverk vert støtta.

Undervisningsopplegg knytt til kvernsteinshistoria er ein integrert del av kjerneaktiviteten ved Hyllestad skule, der Kvernsteinsparken er brukt som læringsarena. Den didaktiske grunntanken er "å gjere for å lære", der eleven formidlar praktisk og munnleg vidare for å lære betre sjølv.

Ved å organisere dette som ein timeplanfesta, tverrfagleg aktivitet som går over ein halv dag kvar veke på 8.klassesteg, har Hyllestad skule allereie gjort eit grep som legg grunnlaget for dei mest sentrale innsatsområda som vert poengterte i høyringsnotatet.

Alle elevane i Hyllestad tileignar seg gjennom grunnskulen: kunnskap om historia, lokal identitet og stoltheit over kulturminnet, gode haldningar. Dei tileignar seg og handtverkskompetanse og formidlingskompetanse. Opplegget gjev grobotn for entreprenørskap og for rekruttering av formidlarar og tradisjonsbærarar. Entusiasme og stoltheit smittar frå elevane til foreldre, besteforeldre, sysken og heile lokalsamfunnet.

Undervisningsopplegget knytta til kvernsteinshistoria i Hyllestad har så mange positive ringverknader, og får så mange gode attendemeldingar både i lokalsamfunnet og av tilreisande

at me meiner dette kan vere eit godt pilotprosjekt for involvering av skuleverket i ein ny, heilskapleg verdsarvpolitikk. Dette er noko Hyllestad kan bidra med i erfaringsutveksling med andre verdsarvsområde.

Opplegget ved Hyllestad skule bør knyttast opp mot UNESCO's "Verdsarv i unge hender".

#### 4.10 Internasjonalt samarbeid

Tett samarbeid med andre verdsarvstader i Noreg, Norden og internasjonalt vil vere svært viktig for Hyllestad, - og for Norsk Kvernsteinsenter, dersom kvernsteinsbrota vert verdsarv. Først og fremst vil det vere naturleg med eit nært samarbeid med dei andre verdsarvstadane som er del av same serienominasjonen.

Tett samarbeid med andre produksjonsområde for kvernstein i Noreg og internasjonalt vil og vere viktig for å setje produksjonen i Hyllestad inn i ein større samanheng, og eit utvida perspektiv.

For lokalsamfunn som Hyllestad vil det vere vanskeleg å finansiere deltaking i både nasjonale og internasjonale samarbeidsprosjekt. Slikt samarbeid er så viktig og utviklande at det bør leggest til rette med statleg finansiering.

#### 4.11 Verdiskaping

Ein ser svært positivt på framlegg om at verdsarven må prioriterast høgt i Miljøverndepartementet sin nye strategi for verdiskaping knytta til kultur- og naturarven. Det lokale næringslivet bør oppmuntrast til verdiskaping knytt til verdsarven. Framlegget om eit samarbeid mellom alle kommunar med verdsarvområde vert støtta. Dersom kvernsteinsbrota i Hyllestad vert verdsarv, vil ein ha tre verdsarvsområde langs Sognefjorden. Med utgangspunkt i verdsarven Bryggen i Bergen ligg det godt til rettes for ei "verdsarvsløype" for turistar frå Bergen og heile Sognefjorden til endes.

## Ressursar

Hyllestad kommune skal i samarbeid med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter, andre lokale krefter og regionale/sentrale instansar, gjere ein god jobb for å ivareta rolla som vertskommune dersom kvernsteinbrota vert verdsarv.

Det må det likevel vere ein klar føresetnad at staten har det overordna ansvaret for å sikre nødvendige ressursar til at ein lokalt skal kunne gjere ein god innsats og utvikle kvernsteinsbrota til eit "fyrtårn for den beste praksisen innenfor kulturforvaltning." Dette må vere ei naturleg statleg oppgåve, sidan er snakk om ein verdsarv som skal forvaltast og visast fram, på nasjonen sine vegne.

Det er positivt at det i høyringsnotatet vert peika både på stilling som verdsarvskoordinator og verdsarvsenter ved kvar verdsarvstad, som tiltak staten må vere ein tung bidragsytar til. Det vil og vere ressurskrevjande å vere ein aktiv partner i nasjonalt og internasjonalt samarbeid, der ein ikkje berre skal motta, men og vere ein konstruktiv bidragsytar. Dette krev at staten tek det overordna økonomiske ansvaret for at kvar verdsarvstad skal kunne gjennomføre eit slikt samarbeid på ein tilfredstillande måte.

Kvernsteinsbrota i Hyllestad ligg for ein stor del på privat grunn, i utmark og på beiteland. Det vil verte behov for omfattande skjøtsel for at verdsarven skal kunne formidlast og opplevast på ein god måte. Det er viktig at det vert stilt statlege midlar til disposisjon for at grunneigarane, eller andre i samarbeid med dei, skal kunne drive skjøtsel, anten ved beitebruk eller andre skjøtselstiltak.